

**Protokoll for generalforsamling i Sogn og Fjordane Energi AS
20. juni 2014 – kl. 1100 på Strandtun, Sandane**

Frå aksjonæranne møtte:

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ Hilmar Høl etter fullmakt	3 560 902	aksjar
BKK AS v/øk.direktør Birger C. Schönberg etter fullmakt	2 850 413	aksjar
Gloppen kommune v/ - ikkje til stades	2 011	aksjar
Gloppen Energi AS v/ - ikkje til stades	246 444	aksjar
Askvoll kommune v/ordførar Frida Melvær	106 290	aksjar
Bremanger kommune v/ ordførar Karl Vidar Førde	177 575	aksjar
Flora kommune v/Frida Melvær etter fullmakt	333 632	aksjar
Selje kommune – ikkje stades	102 599	aksjar
Eid kommune v/ ordførar Alfred Bjørlo	10 703	aksjar
Naustdal kommune - ikkje til stades	6 536	aksjar

95,17 % av aksjekapitalen var representert.

Dessutan møtte:

Sogn og Fjordane Energi AS v/styreleiar Per Atle Kjøllesdal
Sogn og Fjordane Energi AS v/konsernsjef Terje Gjengedal
Sogn og Fjordane Energi AS v/konserndirektør for strategi og utvikling Erling Sande
Sogn og Fjordane Energi AS v/konserndirektør økonomi og finans Martin Holvik
Sogn og Fjordane Energi AS v/styremedlem Geir Magne Evebø
Sogn og Fjordane Energi AS v/styremedlem Kjell Asle Bakkebø
Sogn og Fjordane Energi AS v/styremedlem Oddmund Årdal
Sogn og Fjordane Energi AS v/konsernsekretær Birgith Hjelle Roset
Sogn og Fjordane fylkeskommune v/fylkesrådmann Tore Eriksen og Jan Øhlkers
Deloitte AS v/revisor Rune Norstrand Olsen

Sak nr. 14/GF-001: Val av møteleiar

Samrøystes vedtak:

Hilmar Høl vert vald som møteleiar.

Sak nr. 14/GF-002: Val av ein person til å skrive under møteboka saman med møteleiar

Samrøystes vedtak:

Alfred Bjørlo vert vald til å skrive under møteboka saman med møteleiar.

Sak nr. 14/GF-003: Godkjenning av innkalling og sakliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sak nr. 14/GF-004: Fastsetting av rekneskap og disponering av overskot for 2013, og fastsetting av balanse pr. 31.12.2013 for Sogn og Fjordane Energi AS

Samrøystes vedtak:

1. Generalforsamlinga godkjenner årsrekneskapen for 2013 med eit overskot på kr 115 524 392 for morselskapet og kr 134 347 000 for konsern og ein totalbalanse på kr 3 236 405 415 for mor og kr 4 557 358 000 for konsern.
2. Generalforsamlinga godkjenner eit utbytte på kr 13,60 pr. aksje, totalt kr 100 587 028.
3. Generalforsamlinga godkjenner slik disponering av årsoverskotet:

Overført til annan eigenkapital:	kr 14 937 364
Avsett til utbytte:	kr 100 587 028
Sum disponert:	kr 115 524 392
4. Generalforsamlinga tek styret si melding 2013 til etterretning.

Sak nr. 14/GF-005: Godkjenning av honorar for revisor og fastsetting av honorar for styremedlemmer

Samrøystes vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner revisor sitt honorar for 2013 på kr 157 000,- for morselskapet og kr 812 000,- for konsernet totalt.

Valnemnda sitt framlegg til vedtak på honorar for styremedlemmer og medlemmer av revisjonsutvalet:

Generalforsamlinga vedtek følgjande godtgjering til styret sine medlemmer:

<i>Styreleiar</i>	<i>Fast honorar på kr</i>	<i>153 000</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Fast honorar på kr</i>	<i>85 500</i>
<i>Medlem</i>	<i>Fast honorar på kr</i>	<i>73 500</i>

<i>Varamedlem</i>	<i>Møtehonorar på kr</i>	<i>4 300</i>
-------------------	--------------------------	--------------

Til medlemmer av revisjonsutvalet ved generalforsamlinga følgjande godtgjersle:

Leiar og medlemmer Fast honorar på kr 25 000

Det vert ikkje utbetalt tapt arbeidsforteneste til styremedlemmer eller medlemmer av revisjonsutvalet.

Sak nr. 14/GF-006: Val av medlemmer til styret og valnemnda

Samrøystes vedtak:

Frå Sogn og Fjordane fylkeskommune:

Styreleiar Per Atle Kjøllesdal (attval)
Styremedlem Arvid Bjarne Lillehaug (attval)
Styremedlem Olin Johanne Henden (attval)

Personleg valde varamedlemer:

Varamedlem Karen Marie Hjelmeseter
Varamedlem Nils P. Støyva (attval)
Varamedlem Svein Ottar Sandal (attval)

Frå BKK:

Nestleiar Birger C. Schønberg (attval)
Styremedlem Kristin Linnerud (attval)

Personleg valde varamedlemer:

Varamedlem Atle Neteland (attval)
Varamedlem Bjarne Skaar

Frå dei kommunale eigarane:

Styremedlem Bengt Solheim-Olsen (attval)

Personleg valde varamedlemer:

Varamedlem Anders Ryssdal (attval)


Valnemnda sitt framlegg til valnemnd i SFE


Åshild Kjelsnes, leiar (attval)

Atle Neteland (attval)

Anders Ryssdal (attval)

Sandane, 20. juni 2014


Milmar Høl


Alfred Bjørlo